



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grethe Fjeld,

Tildelingsbrev til Nordhordlandsregionen – opplæringslova kap 9A, kompetanseheving for skuleeigarar og skuleleiarar

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 38 100,-** til Nordhordland kompetanseregion v/Lindås kommune, organisasjonsnummer **935084733**, kontonummer **3201.05.89311**. Ansvar 2300-teneste 2901.

Fylkesmannen viser til brev datert 20. juni der Fylkesmannen gav tilbod om deltaking på regionvisesamlingar med tema opplæringslova kapittel 9A. I det same brevet kom det fram at dersom det er regionar som i etterkant av desse samlingane ynskjer å følgje opp med ytterlegare kompetanseheving på området, har Fylkesmannen i Vestland tilgjengelege midlar dette året. Fylkesmannen fekk søknad frå Nordhordland kompetanseregion 4. oktober.

Fylkesmannen vitja Nordhordland kompetanseregionen 14. oktober. Vi tok utgangspunkt i våre erfaringar frå handhevingsordninga og kom mellom anna inn på tema som skulen si aktivitetsplikt, det todelte dokumentasjonskravet og skuleeigar sitt forsvarlege system.

Midlane som no er tildelte Nordhordland kompetanseregion, med kommunane Alver, Osterøy, Austrheim, Masfjorden, Fedje og Modalen, skal nyttast til ytterlegare kompetanseheving for skuleeigarar og skuleleiarar knytt til opplæringslova kapittel 9A. Tildelinga er gjort etter tal offentlege grunnskular, men med kr 7500,- som eit grunnbeløp for alle kompetanseregionane.

Midlane skal nyttast innan utgangen av 2020 og Fylkesmannen ynskjer ei kortfatta rapportering på bruk av midlane innan 1. februar 2021.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing



Marianne Svege
seksjonsleiar

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent